



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: E-postmøte

Dato: 06.07.2026

Tidspunkt: 17:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Elvepurka		2026/11562
ST 26/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - motorferdsel med helikopter- utviding av løyve - Falkeblikk AS		2026/7825

ST 25/26 Jostedalsbreen nasjonalpark - Bruk av kommersielt merke - Elvepurka

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.07.2026

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Elvepurka AS ved Andrew Cullens og Anna Zäll løyve til å nytte det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark i tråd med designmanualen for Norges nasjonalparker. Elvepurka AS driv med aktivitetsturisme i nærområdet ved Jostedalsbreen nasjonalpark og stettar kriteria for bruk av merket.

Avtalar om bruk av kommersielt merke har forpliktande vilkår, og løyvet til bruk kan ved misbruk trekkjast tilbake. Avtalen skal signerast elektronisk av styreleiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og dagleg leiar i Elvepurka AS.

ST 26/26 Jostedalsbreen nasjonalpark - Bøyabreen - motorferdsel med helikopter- utviding av løyve - Falkeblikk AS

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 06.07.2026

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

Vedtak gjort av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, utvalssak 16/26 av 12.05.2026 vert oppheva, og nytt og utvida løyve vert gjeve.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, Falkeblikk AS ein ny og utvida dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med produksjon av panoramafilm til bruk på Brævasshytta.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1.Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for ein dag
- 2.Flyginga skal skje på ein dag i perioden 7.juli - 31.august 2026
- 3.Flyginga bør skje mest mogeleg konsentrert i tid og unngå helgedagar og store utfartsdagar grunna omsynet til friluftslivet
- 4.Løyvet gjeld inntil 8 turar:
 - a.Inntil 4 turar frå Brævasshytta, opp Bøyabreen og opp på breplataet tur/retur
 - b.Inntil 4 turar opp Supphellebreen, over Flatbrehytta og ned mot Brævasshytta tur/retur
- 5.Helikopteret skal ikkje vere synleg på den ferdige filmen
- 6.Flyginga med helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og ta omsyn til andre brukarar og naturmiljø
- 7.Statens naturoppsyn v/Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal ha melding seinast dagen før flyginga skal gjennomførast
- 8.Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 15.september 2026 med rapport om gjennomført flyging